

Høyringsfråsegn til Detaljreguleringsplan for Jokvihogen og Langhaugane frå Sogn og Fjordane Turlag, Naturvernforbundet i Sfj, Norsk Ornitologisk Forening avd Sfj og Forum for natur og friluftsliv Sfj.

Vi takkar for at vi fekk utsett høyringsfristen ei veke, jamfør telefon med Anne Grete Nyttिंगnes og for at Jølster kommune no har lagt alle offentlege høyringar ut under fana Kunngjeringar på framsida til kommunen si heimeside.

Bakgrunn

Fråsegna vår er basert på medleamar sin lokalkunnskap, samtaler med lokalkjende og frå kjende registreringar og opplysningar frå internett, fylkesatlas og naturbase.

Formål

Formålet med planen er å leggje til rette for utbygging av eit nytt bustadfelt, i tilknytning til eksisterande byggjefelt i Langhaugane. Vårt formål er å få fram de allmenne verdiane og interessene til natur- og friluftorganisasjonane knytt til planområde og påverknad for influerte område av planen.

Plansamanheng

Planområdet er i gjeldande kommuneplan 2013-2025 (arealdelen) for Jølster kommune definert som LNF-område. Jfr. kart fig.3 under. Dermed samsvarar ikkje reguleringa med overordna plan. Dette medfører krav om planprogram og KU.

Vi har forstått det slik at Jølster kommune har teke hand om større areal til bustadføremål i Hjellbrekke, Fluge og Vassenden (ref. Geir Støfring Bondelaget i avisa FIRDA 3.mars og Arealdelen i kommuneplanen 2013-2015). Nemnte bustadområde ligg i rimeleg nærleik til det gjeldande planområde. Det er slik ikkje ei akutt, reell trong for bustadtomter som utløyser denne planen slik vi forstår det.

Utbyggingsplanen og naturverdiar

Utbyggingsplanen nemner utfordringar for utbygging i området med bakgrunn i noverande bruk av området knytt til landbruk og aktiv beitebruk i samdrift, friluftsliv knytt til bruk av området til nærfriluftsliv, bading og rekreasjon og viktige naturverdiar kring Dalavatnet knytt til vegetasjon og våtmark.

Naturverdiar i området

Dalavatnet med våtmarkene og nærområde er leveområde for rovfugl og våtmarksfugl, nokre av desse sjeldne i fylket som t.d skogsnipe og sivsanger (fylkesatlas.no). Opplysningar vi har fått om mogleg hekkande rovfugl nær planområdet må utgreiast om dette gjeld ein sårbar art som t.d hønsehauk, som ein må ta særleg omsyn til. Myr og våtmark er viktig som naturtype og det bør vere eit mål å ikkje byggje ned slike areal. I tillegg til at myr er ein trua naturtype (SABIMA <http://www.sabima.no/myr>) som difor treng vern, er den karbonlager, viktig leveområde for planter, dyr og fugl og viktig som flomdemper. I høve Jølstra bør det siste også vere ein vesentleg kvalitet å ivareta for framtida.

Friluftsliv i området

Området er i dag brukt til friluftsliv, som viktig nærturområde spesielt for dei som bur i nærleiken og i Langhaugane bustadfelt. Ein kan gå ein rundtur opp og på trakka sti gjennom planområdet og vidare til Dalavatnet der det er badeplass om sommaren, tidleg og sikker skøyteis om vinteren, sommarstid kan ein gå vidare frå Dalavatnet om Støfringsstøylen, Støfringsdalen og kome att i Langhaugane. Dalavatnet er grunt, noko som gjev gode temperaturar om sommaren og i høve skøyting at isen legg seg tidleg på Dalavatnet, er dette særst viktige kvalitetar for området. Isen på Jølstravatnet legg seg derimot seint og sommartemperaturane i høve bading er heller låge..

Dette er vesentlege kvalitetar i området for å drive nærfriluftsliv. Planområdet vil forringa turområdet og verke forstyrrande inn på området ved Dalavatnet, som i dag ligg særleg godt skjerma grunna naturleg topografiske tilhøve. Utvida byggjefelt vil forstyrre denne idyllen og høve til å kome lett ut i tilnærma fri natur utan inngrep.

Vi forstår det slik at området sin verdi for friluftsliv ikkje er kartlagd og at dette bør gjerast for dette området og for heile kommunen, slik at ein kan unngå mindre, men svært uheldige bit-for-bit utbyggingar som rårer både viktige natur- og friluftslivsinteresser.

Natur- og friluftslivsverdiar

Vi kan stadfeste at det er vesentlege og viktige verdiar som vert berørt ved planlagt utbygging, der det ikkje finst særlege avbøtande tiltak for tapa. Med mulig unntak for dei nedre fortetta tomtane i BK 1 og BK 2 er dette ein særst uheldig og kontroversiell detaljplan.

Planprogram og KU

Både Planprogram og KU må gjere godt greie for området sin verdi for friluftsliv og naturverdiane i området. Karbonlager som vert opna må og greiast ut om og ein må sjå om dette kan vere rekningsssvarande i høve kommunen sine klima- og miljømål.

Det bør og greiast ut korleis bustadføremåla kan dekkast inn i allereie avsett areal for bustadføremål og om desse vil gje mindre konflikt for viktige allmenne interesser.

Konklusjon og samandrag

Planområdet vil fragmentere og påverke negativt viktige verdiar og allmenne interesser for natur, miljø og klima og friluftsliv. Reguleringa samsvarar ikkje med overordna arealdel i kommuneplanen. Vi rår difor Jølster kommune i frå og regulere om gjeldande LNF-område til bustadføremål før regulerte bustadareal er nytta og verdiar for natur- og friluftsliv er kartlagt og verdsett for heile kommunen.

Med venleg helsing

Sogn og Fjordane Turlag

Naturvernutvalet v/ leiar

Ron Overdevest

Sogn og Fjordane Turlag



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøien Nes, leiar



Naturvernforbundet Indre Sunnfjord lokallag

Erik Solheim, rådgjevar

Norsk Ornitologisk Forening Avd. Sogn og Fjordane

Torbjørn Hasund, leiar



Forum for natur og friluftsliv

Elisabeth Dahle

koordinator og sakshandsamar

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane